



Arkivnr: 2015/11453-202
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		12.09.2019

Kvalitetsmelding for Fagskolen i Hordaland 2018-19

Samandrag

Fagskolen i Hordaland leverer med dette kvalitetsmelding for skuleåret 2018-19. Jf. årshjulet i kvalitetssystemet skal fagskolen levere kvalitetsmelding til styret i september, og i oktober skal det gjennomførast skulebesøk ved fagskolen. I styremøte i november vert det lagt fram mål og tiltaksplan på bakgrunn av funna i kvalitetsmeldinga og drøftingar ved skulebesøket.

Forslag til vedtak

Styret tek kvalitetsmeldinga til orientering og ventar mål- og tiltaksplan 28.11.2019.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Adeline B. Landro
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kvalitetsmelding for Fagskolen i Hordaland 2018-19

Fylkesrådmannen, 23.08.2019

Fagskolen i Hordaland leverer med dette kvalitetsmelding for skuleåret 2018-19. Jf. årshjulet i kvalitetssystemet skal fagskolen levere kvalitetsmelding til styret i september, og i oktober skal det gjennomførast skulebesøk ved fagskolen. Ved skulebesøket stiller representantar frå styret og fylkesadministrasjonen. Frå fagskolen møter leiinga, tilsettrepresentant og studentrådsleiar.

I styremøte i november vert det lagt fram mål og tiltaksplan på bakgrunn av funna i kvalitetsmeldinga og drøftingar ved skulebesøket.

Dato for skulebesøket er 3. oktober kl. 9 – 13 på studiestad Nordnes. Styreleiar stiller på møtet, men dei øvre styremedlemene er også velkomen til å delta.

Fagskolen si kvalitetsmelding ligg som vedlegg til saka.